



Søknad om permisjon frå pliktig opplæring

Søknaden skal sendast skulen snarast mogeleg før permisjonstidspunktet.

Skule:

Eleven sitt namn:

Klasse:

Telefon føresette:

Tal dagar det vert søkt fri for:

Tidlegare innvilga fri:

Tidsrom for permisjon: Frå:

Til:

Grunngjeving:

Opplæringslova §2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa.

"Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gje den enkelte eleven permisjon i inntil to veker.

Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vera borte frå skulen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag.

Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute."

I kommentarar til førearbeida for lova Ot.prp.nr.46 (1997-98) s.35 og 158 er det m.a.sagt om permisjon for elevar at:

- kommunen kan gje ein elev fri frå grunnopplæringa i inntil to veker.
- det er forsvarleg å gi eleven slik fri
- det må leggjast vekt på at eleven må få opplæring i permisjonstida
- det ikkje er tillete å gi permisjon i meir enn to veker i gongen
- foreldra må syta for opplæring for eleven om føresette tek han/ho ut av skulenlenger enn to veker. Her gjeld reglar om privat heimeundervisning, og føresette må gi opplæring tilsvarande den i offentleg skule.
- det ikkje er sett grense for kor mange gonger eleven kan ha permisjon

Kommunen presiserer lovreglane og har prosedyre for søknader om permisjon for elevar i grunnskulen:

Kommunen har delegert til rektor å innvilga permisjon inntil ti/10 dagar pr. skuleår.

Retten til å vera borte for elevar som høyrer til andre trusamfunn enn den norske kyrkja, kjem i tillegg, men kan ikkje leggjast saman med ein ti/10 dagars friperiode.

Kontaktlærer kan innvilga permisjon for ein/1 dag.

Rådmannen i Voss kommune har delegert til rektor å innvilga permisjon i tida frå fire/4 dagar til to/2 veker. Rektor kan såleis innvilga permisjon i tida frå to/2 dagar til to/2 veker.

Foreldra må sjølv sørge for at borna får undervisning i permisjonstida. Ein kan ikkje krevja at lærarane spesielt skal tilretteleggja for dette, men foreldra kan bruka tilgjengelege årsplanar og arbeidsplanar.

Der foreldra har delt foreldreansvar, er det fint om begge foreldra skriv under på søknaden.

Det er mogeleg å klaga på vedtaket til skuleadministrasjonen innan tre/3 veker etter motteke vedtak. Ei eventuell klage vert å levera til skulen.

Meldingsbok skal brukast til melding om tannlækjar, doktor, sjukdomsfråver etc.

Dette vil seia at om det blir søkt om permisjon for meir enn ti/10 dagar for same elev same skuleår, skal eleven skrivast ut av skulen. (Kontakt rektor / skulen!)

Dato:

Føresette si underskrift

Søknaden er innvilga:

Stad / skule:

Dato:

Rektor

Kopiar: Innvilga søknad vert returnert til foreldra og vert arkivert på skulen.